

Forteljarkurs i Marrakech


I vinterferien til neste år har lærarane i suldalsskulen høve til å bytta ut ski og nut-turar med forteljing, magi og 1001-natt stemning i berberbyen Marrakech.

Nora Bogetvedt Jenssen

Anne Elisebeth Skogen, forteljar og dramalærer i kulturskulen, arrangerer i vinterferien til neste år forteljarkurs i Marokko. Hausten 2006 reiste ho sjølv for første gong til eventyrbyen for å kursa seg i retorikk og historieforteljing. Tor Arne Hauer var medarrangør i 2006, og skal vera tilretteleggjar for kurset til Skogen.

Eventyrtorg

Hauer har budd 20 år i Marokko, og snakkar flytande arabisk. Han har kjøpt og pussa opp eit hus frå 1700-talet. Slike hus er bygde i tre etasjar, rundt ein open plass i midten, og kallast ein riad. Det er i denne riaden kurset skal haldast. Overnatting skjer på eit hotell på andre sida av det berømte torget Djema el Fnaa. Kvar dag får deltakarane vandra over torget på veg til kurshuset. Torget er kjent for å husa historieforteljarar, akrobatar slangetemmarar og spådomsmenn, og blir rekna for å vera det travlaste torget i Afrika. Alibi for å leggja kurset til Marrakech er at her er den gamle forteljarkunsten framleis i live. Forteljarane dukkar opp på torget etter solnedgang. – Det er fantastisk å sjå dette i funksjon. I tillegg ligg souken like ved torget. I souken er det lett å gå seg vill. Det kan vera greitt med ein lokalkjend som følgje, når ein skal inn i dei overbygde smaua og tronge gatene som



går på kryss og tvers, med verkstader og handelsboder, og i blant eit torg under open himmel, fortel Skogen.

Kardemommeby

Innbakt i kurset ligg ein dagstur til Essouria. I denne kystbyen som før heitte Mogador, budde Torbjørn Egner då han skreiv Kardemommeby, og det er i følgje Skogen ikkje vanskeleg å sjå kvar han har henta inspirasjonen frå. Essouira er ein kvitmåla by, medan Marrakech skin i rosa.

Målgruppe

Kurset er lagt til skulens vinterferie, og Anne Elisebeth Skogen ønskjer å ha med tilsette i skulen. Kurset vil først bli tilbudd lærarane i Rogaland. – Forteljing er på veg inn i skulen igjen og er omtala i "Kunnskapsløftet". – Eg er oppteken av forteljing både som pedagogisk verktøy og som kunst. Dette kurset omhandlar korleis ein kan bli ein god forteljar, og korleis ein kan bruka forteljing i undervisninga og korleis me skal hjelpe barna til å bli flinkare forteljarar seier Skogen. – For å bli ein god forteljar må ein først å fremst våga å by på seg sjølv, men og ha eit bevisst forhold til språk, intonasjon og dramaturgi. Kurset vil opna for korleis ein kan ta dette i bruk og nytta det i undervisninga, seier Skogen.

Skogen reiste tilbake til Marokko i fjor, og har opparbeidd seg god kjennskap til områda som skal besøkast. Ho er glad for at Hauer er med på laget og tar seg det meste av det praktiske. Så gjenstår det å sjå om skulefolket i Suldal hiv seg på, og om me i framtida kan hende får oppleve både fleire forteljarar og kanskje litt magi i vårt lokale skattkammer.

T.v.: Anne Elisebeth Skogen kledd i berberskjær og kjole, ei gåve ho fekk saman med forteljingar, frå Mustafa, handelsmann i Essaouira, - "Kardemommeby".

Under: Torget Djema el Fnaa i Marrakech like før solnedgang. (Alle foto: Privat)

Under: Forteljar på besøk i riaden der forteljarkurset skal haldast.

